



Helen Haaverstun

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/103 - 16/2565

Saksbehandlar:

Erik Knag Johannesen

erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:

16.02.2016

Førespurnad om leikeplass

Viser til Dykkar e-post, 12. januar og synfaring 8. februar d.å.

Meland kommune gir med dette løyve til å disponere areal til leikeplass på tilvist plass på eigedommen gbnr. 10/12. Vedlagde kartutsnitt viser det aktuelle området med grøn skravur.

Kommunen tek følgjande atterhald:

- Arealet kan nyttast til leikeplass. Arealet kan ikkje nyttast til anna, eller til bruk som er i strid med planformål.
- Bruken må ikkje være til hinder for allmenn ferdsel.
- Arealet skal ikkje delast frå gbnr. 10/12, men framleis vere kommunal eigedom.
- Meland kommune tek ingen kostnadar med eventuelle søknader, opparbeiding eller opprydding på det aktuelle området. Meland kommune er heller ikkje ansvarleg for bruk, installasjonar/byggverk eller skader som måtte oppstå.
- Avtalen gjeld for 10år frå d.d. så framt bruken ikkje blir endra i plan.

Vi gjer merksam på at vatn og avlaupsrør kryssar det aktuelle området. Dette må det takast omsyn til og kumlokk må ikkje dekkjast til. Sjå vedlagt skisse.

Tiltak som er større enn 15 kvm brutto areal eller høgare enn 4 meter kan være søknadspliktig før oppføring etter plan- og bygningslova. Dersom det skulle vere tvil kan ein sende spørsmål med tekingar av dei aktuelle tiltaka til byggjesaksavdelinga i Meland kommune.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det kan søkjast om kulturmidlar frå kommunen. Søknadsfrist er 1. mars. De finn meir informasjon og søknadskjema på Meland kommune sine heimesider: www.meland.kommune.no/kultur

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen
bygg- og eigedomsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartutsnitt VA

Mottakere:
Helen Haaverstun